

Kulturminnetur i Solvorn

LUSTER: Søndag 11. september er det dukka for kulturminneturen til sogelaga for Hafslo og Luster. Deltakarane skal vitja den restaurerte tønnefabrikken på Tønnsberg og samlinga av pryd og brukskunst på Skori. Omvisarar vert Arne Kvalen og Idar Mo. Dette er ikkje nokon lang tur, men stien kan vera glatt, bratt og litt kronglete, opplyser sogelaga for Hafslo og Luster i ei pressemelding. Det vert båtskysst for dei som kvir seg for å gå. For dei som ønskjer ein litt lengre tur, er det fint å gå frå Galden og ned. Oppmøte er ved Gatesvingen. Turen er open for alle.

Haufest med forfattarar

LEIKANGER: Skald forlag melder om haustens trivelegaste bokfest i det vakre Gamlehotellet i Leikanger 15. september. Til boksleppet kjem Gudmund Skjeldal for å fortelja om si komande bok «Begrav meg i snø». Finn Måge har skrive bok om eple og eldre eplesortar og skal fortelja om denne. Boka Oselvar-den levande båten er det Kjell Magnus Økland som står bak. Også han kjem til sleppet, melder forlaget.

Startar opp att dagtilbod

LUSTER: Luster kommune startar opp att dagtilbod for heimebuande over 67 år. Dagtilbodet vil vera i Grandmo Lagshus i Gaupne kvar torsdag. Kommunen legg til rette for transport til og frå dagtilbodet. Det vil verta ymse aktivitetar, musikkinnslag og vi vil invitere inn ulike aktørar som kan informera om aktuelle tema, og servering av eit varmt måltid, og ikkje minst god tid til sosialt samvær.



FRÅ P3-GENERASJONEN: Silje Halstensen, eller Bendik, kjem til Meieriet i haust.

(Pressefoto: Ane Østnes/pressefoto)

Unge suksessartistar skal fylla Meieriet

■ ■ Bookingansvarleg gler seg til Bendik

SOGN DAL: Torsdag kveld avslørte studentane kva som står på konsertprogrammet.

Frå før av er det kjent at Highasakite spelar 17. november. Billettane til denne konserten vart raskt rivne bort, på lik linje med billettane til dei andre konsertane bandet skal ha framover.

– Me er nøgde med å ha selt ut kjappare enn i Volda, og me er svært nøgde med å få Highasakite til bygda, seier bookingansvarleg Jesper Nondal.

Radorøyster

Konserthausten byr elles på konsert med Julie Bergan 17. september, Kristian Kristenen 30. september og Bendik

20. oktober, alle kjende namn for p3-lyttarane.

– Desse artistane har hatt ein god festivalsommar og fått speletid på radio alle saman. Dei tilhøyrrer p3-generasjonen, seier Jesper Nondal, bookingansvarleg på Meieriet.

Sjølv er han mest nøgd med å ha sikra seg Bendik, eller Silje Halstensen som bergensartisten eigentleg heiter.

– Eg såg Bendik på Malakoff. Det var ein konsert av ei anna verd. Ho er utruleg på scena, meiner Nondal.

Elektropop

Noko meir ukjent er kanskje Whales & This Lake som står på scena 7. oktober. Også dei er norske og som det står på programmet: up and coming.

– Dei fekk veldig gode skussmål etter Bylarm. Bran-

sjemagasinet Gaffa kalla dei høgdepunktet på festivalen. Me tenkte slik elektropop ville vera perfekt for Meieriet, seier Nondal.

Live podcast

I tillegg blir det live podcastshow med to velkjende humoristar.

Under tittelen Krisemøte vil Kristopher Schau og Kyrre Holm Johannessen laga podcast.

– Her blir det tv-innspeiling, dei er tilknytt TV2 Humor og me tenkte det ville bli artig.

Alt i alt håpar Nondal å tilby noko som høver for mange.

– Me håpar både studentar

og lokalbefolkning er nøgde. Nokre kjende namn, eg håpar at folk blir nyfikne og vil koma på konsertar med artistar dei ikkje nødvendigvis har lytta så mykje til.

Renate Sæle
renate@sognavis.no

Hårek

